



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Garaneset, 4230 Sand

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47

WWW.SVR.NO

## Delegert vedtak

Sanden Media A/S  
Bergtorasvei 120  
4633 Kristiansand

Arkivsaksnr: 2021/6076-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 24.06.2021

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR - delegert utvalg	74/21	
Verneområdestyret for SVR		

### DELEGASJONSSAK RO 35/2021

## **Innvilga søknad om dispensasjon til bruk av drone til filmopptak ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 22/1, Sandnes kommune**

Viser til din søknad datert 23.06.2021, om dispensasjon til bruk av drone i samband filming på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde. Forvaltningssekretariatet for Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har etter delegert mynde fatta det dette vedtaket 24.06.2021.

Med vennleg helsing

Alf Odden  
Verneområdeforvaltar SVR

*Brevet er godkjent elektronisk og sendast utan underskrift*


Kopi  
*Sandnes kommune, Statsforvalteren i Rogaland*



### Vedtak

I medhald av §2, §3, punkt 5.1 og §3, punkt 6.2 i Forskrift om vern av Frافjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldlova, får Sanden Media v/ Livar Hølland, dispensasjon til å bruke drone til i samband med innspeling av film ved Kjerag under Heliboogie 2021.

Dispensasjonen gjeld filming i tidsrommet 25-26.06.2021, innanfor område som er vist på kartet i vedtaket.



Løyve blir gjeve med desse vilkåra

- Drona må ikkje brukast slik at den medfører forstyrring av fugl og dyr.
- Ved bruken av drona skal det visast omsyn til andre brukarar i område slik at dei forstyrrest så lite som råd.
- Bruken av drone skal følgje Luftfartstilsynet sine regler.

### Klagerett

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet. Klaga skal sendast til verneområdestyret for vidare handsaming. Klagefristen er 3 veker frå mottak av vedtaket. Alle partar med klagerett har rett til innsyn i saksdokumenta. Skrifteleg klage skal sendast til Verneområdestyret for SVR Pb. 788 Stoa, 4809 ARENDAL eller på e-post til [sfagpost@statsforvalteren.no](mailto:sfagpost@statsforvalteren.no) Oppgi kva for eit vedtak det vert klaga på, dei endringane klagar ynskjer og grunngjeving for klaga. Dersom det vert klaga så seint at det kan vere tvil om det er klaga i rett tid, må det opplysast når brevet kom fram.

### Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad datert 23.0.2021.

Sanden Media A/S v/ Livar Hølland søker om dispensasjon til bruk av drone i området ved Kjerag i samband med filminnspeling under Heliboogie 2021. Det søkaste om dispensasjon for filming i tidsrommet 25-26. juni.



### Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Frافjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frافjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.

### Heimelsgrunnlag

Frafjordheiane landskapsvernområde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta

Føremålet med opprettinga av Frافjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høg fjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at *"Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging"*.

Bruk av drone i verneområdet blir regulert av verneforskrifta §3, punkt 6.2. Her heter det at: *«Ikkje naudsynt støy er forbode. Det er ikkje tilate å bruke motor på modellfly, modellbåt og liknande.»*.  
Bruk av drone kan etter forvaltningsstyresmakta si vurdering sidestilla med bruk av motoriserte modellfly. Ettersom verneforskrifta ikkje inneheld ein særskilt dispensasjonsheimel for slik aktivitet, er det naudsynt med dispensasjon etter §48 i naturmangfaldlova om aktiviteten skal kunne gjennomførast.

*I §48 i Naturmangfaldslova heiter det at "Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig"*.

Rundskrivet *Forvaltning av verneforskrifter* (Miljødirektoratet 2014) gir føringer for dispensasjonsbehandling etter § 48. I følge rundskrivet må følgjende to vilkår begge være oppfylt for å kunne gi dispensasjon:

1. Tiltaket kan ikkje påverke verneverdiene nemneverdig.
2. Tiltaket må ikkje vere i strid med formålet med vernet.

Miljødirektoratet understrekar at høvet til å gi dispensasjonar etter § 48 er snevert:

*"Kravet om at tiltaket ikke skal påvirke verneverdiene nevneverdig innebærer at dispensasjonsadgangen er snever. Det kan bare dispenseres i de tilfeller tiltaket vil ha ubetydelig eller begrenset virkning for verneverdiene. Dette kan være ved midlertidige eller forbigående forstyrrelser, eller enkeltstående aktiviteter eller tiltak"*.

I rundskrivet heter det vidare at: *"I vurderingen av om tiltaket eller aktiviteten er i strid med verneformålet, er betydningen for verneformålet både på kort og lang sikt relevant. Et tiltak eller en aktivitet kan være i strid med verneformålet dersom tiltaket eller aktiviteten på sikt eller over tid kan ha negativ innvirkning på verneformålet"*.



Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde. Verneområdestyret har i styresak 6/16, delegert avgjerdslemynde for dispensasjonssøknadar i kurante saker til verneområdeforvaltarane. I tråd med punkt 6.2 i vedtektene for verneområdestyret omfatter dette:

1. Saker etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmelser om ferdtsel og motorferdtsel.
2. Saker etter verneforskriftenes øvrige spesifiserte dispensasjonsbestemmelser og etter naturmangfoldloven § 48 der:
  - a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gitt av styret eller arbeidsutvalget, og forutsetningene er tilnærmet uendret.
  - b) Det foreligger etablert forvaltningspraksis fra saker behandlet av styret/AU i tilsvarende sak.
  - c) Forvaltningsplanen gir entydige føringer for utfallet.

Det er etablert ein forvaltningspraksis i høve til bruk av drone i Frafjordheiane landskapsvernområde gjennom handsaming av fleire slike søknader etter 2016. I samband med handsaminga av Besøksstrategi for SVR i 2019 vart det og presisert at bruken av drone på Kjerag skulle avgrensast til dei to tidsvindauga for helikopterbruk som er fast sett i forvaltningsplanen.

### Vurdering

#### *Naturmangfaldlova*

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

#### *Innverknad på verneverdiar og verneføremål*

Det omsøkte område for bruk av drone ved Kjerag ligg om lag 950 m.o.h i eit til dels flatt landskap dominert av fjell i dagen og elles skrinne vegetasjon. Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)), og tilsvarende informasjon i Temakart Rogaland. Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i desse kartbasane, er det ikkje registrert informasjon om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk rødliste for arter 2015 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær sjeldne nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle nær trua naturtypar. Det er heller ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område. Frafjordheiane blir i liten grad brukt av villreinen og denne låge bruken har vore mønsteret ei tid. Dette blir og stadfesta av resultatata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011), og nyare data frå [www.dyreposisjon.no](http://www.dyreposisjon.no) Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av bruken av drone som det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som godt. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Utover den godt tilrettelagte og merka turiststien mellom Øydegardsstøl og Kjerag, og ei nødbu i stein ved stien, er det få tekniske inngrep i området. Juni må reknast som høgsesongen for fotturisme i Frafjordheiane, og det ferdast



mange hundre personar til og frå Kjerag desse dagane. Det er gjeve eit løyve for helikoptertransport til Kjerag 23-26.06.2021. Dette gjeld for «Heliboogie 2021» og omfattar om lag 200 helikoptertransportar. I og med at det ikkje er registrert andre sårbare artar og naturtypar i på staden, vil bruken av drone, etter forvaltningssekretariatet si vurdering, berre i liten grad føre til større belastning på økosystemet i område. Når det gjeld forstyrning av fotturistar er denne uansett svært stor desse fire dagane på grunn av helikopterbruken i samband med Heliboogie. Bruken av drone vil derfor berre medføre ei mindre tilleggsforstyrning.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. Etter forvaltningsstyresmakta si vurdering er det positivt at bruken av drone blir samordna med Heliboogie.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

### *Konklusjon*

Det omsøkte tiltaket vil berre i liten grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Frafjordheiane landskapsvernområde, og vil ikkje komme i konflikt med verneføremålet. Forstyrningane er svært avgrensa i høve til helikoptertransportane i samband med Heliboogie 2021 som går føre seg til same tid.